



Kommuneposten

Informasjonsavis for Hemsedal kommune

Mai 2009 nr. 2



I tida 22. juni - 16. august
er
Hemsedal folkebibliotek



ope kvar tysdag og torsdag
kl. 11 - 19
God sommar!



Hemsedal Musikk –
og kulturskule



Søknad for skuleåret 2009 / 10

Nytt søknadsskjema for skuleåret 2009/10 er lagt ut på heimesida til Hemsedal kommune.

NB!! Nytt i år er at alle søknader skal inn elektronisk.

Du finn skjema på:

www.hemsedal.kommune.no

Gå inn på skjema / kultur og fritid / søknad om inntak i musikk- og kulturskulen.

Oppseiing av plass skal skje ved skriftleg melding til musikk- og kulturskulen. Du finn ein link til e-postadresse på same side som søknads-skjema.

Søknadsfrist og utmeldingsfrist er 1. juni 2009.

For rettleiing og spørsmål kan du ta kontakt med rektor Kirsten Lund, tlf. 970 58 805, eller Tenestetorget, tlf 31 40 88 00.

E-post: kirsten.lund@hemsedal.kommune.no

Hemsedal kommunehus - opningstider:

Send e-post til: postmottak@hemsedal.kommune.no

Opningstid: kl. 09.00 - 15.00, tlf. 31 40 88 00, faks 31 40 88 30

Skattekontoret / Skatt Sør (Folkeregister): Kontoret i Hemsedal er ope kvar torsdag kl 09.00 - 15.00, kontoret på Gol er ope alle dagar, eller ring landsdekkande nummer **800 80 000**

NAV Hemsedal: Ope kvar dag kl. 09.00 - 15.00, tlf. 31 02 85 85

Hemsedal folkebibliotek: sommarope kvar tysdag og torsdag kl. 11.00 - 19.00
tlf. 31 40 89 50

Bygdearkivet: ope i tidsrommet 01.11.08 - 31.05.09, kvar tysdag kl 17.00 - 20.00.

Frist for innlegg til neste kommunepost: 17.06. (ein tek atterhald om endring).
Sjå også kommunen sine nettsider: www.hemsedal.kommune.no



* Ordføreren sitt hjørna *

Vinteren er over for denne gongen. Det var ein bra vintersesong med mykje folk, og skatteinngangen til Hemsedal kommune har vore bra. Me ligg litt over budsjett. Det er eit signal på at det er bra sysselsetting, noko også oversikten over talet på arbeidsledige syner. Det er svært få utan arbeid i Hemsedal. Folketalet har også auka litt, slik at me pr. 1. april var 2017 hemsedøler. For fyrste gong kryssa eg av for kommune mellom 2000 og 5000 innbyggjarar på eit skjema eg sende inn i går. Det er gledeleg at folketalet stig, og at me har ung befolkning. Neste telledato 1. juli er grunnlaget for rammetilskot og skattefordeling for året 2010.

Det har vore mykje skrivning om vegstandard dei siste åra. Det er ikkje rart, for standarden har vorte jamnt dårlegare år for år. Den aukande trafikken slit hardt på asfaltdekke og vegbane, noko som sjølvsagt også er tilfelle på Rv 52. Regjeringa har kome med fleire tiltakspakker og der er det auka i løyvingane til vegvedlikehald. I sommar vil det bli lagt ny asfalt på litt over 5 km i stigningane opp frå Gol og gjennom Ulsåk sentrum. Her vil me prøve å få Statens Vegvesen til å godkjenne ei fartshomp på fotgjengarovergangen ved Kiwi. Dette fordi det blir køyrt med for stor fart gjennom sentrum og forbi krysset til Lykkjavegen. Noko bør gjerast for å betre tryggleiken for både gåande og køyrande.

Det blir full opprusting av vegen frå Grønlibrua og mot Gladhus. Så blir det nytt dekke frå Bjøberg mot Storeskar. Noko skjer på riksvegen vår, heldigvis. Av fylkesvegane i kommunen ser det ut til at det blir opprusting på ein del av Thorsetvegen. Kommunen skal fortsetja asfalteringa på Grøndalsvegen.

Kommuneplanarbeidet går framover. Planarbeid blir meir og meir krevjande. Det er stadig nye krav til dokumentasjon på at alle vurderingar i høve til miljø, trafikk, flaum, skred og energibruk er gjort. Dette er pålegg frå "sentrale styresmakter" som kommunane er pålagt å følgje. No når ny plan og bygningslov trer i kraft frå 1. juli skal det bli endå verre å dispensere frå kommuneplanen, slik at kravet til innhaldet i planen er større enn nokon gong. Dette synest eg lammar utviklinga i kommunane. Hallingdølen har synleggjort

dette med eksempel frå nesten alle kommunane i Hallingdal den siste tida. Mange gode tiltak kan bli drepne av plankrava. Intensjonen med lovendinga er det motsette; å ha meir tydelege og "forutsigbare" planer.

Framlegget til arealdelen i kommuneplanen vår vil vera ferdig på slutten av dette året, slik at den kan leggjast ut til høyring då. Sentrale innspel no er eventuell utvikling i Røggelia, og areal for hyttebygging i heile kommunen. Til det siste er det kome inn mellom 30 og 40 innspel. Elles er nye bustadfelt nødvendig å få lagt inn, og me leitar for å finne eigna plass for steinbrudd. Dette er ein plan som skal sjå 12 år framover, men skal reviderast helst kvart 4. år. Slik sett er kommuneplanarbeidet ein kontinuerleg prosess, men det er siste vedtekne plan me må styre etter.

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører



* Informasjon *



Bassengprosjektet – informasjonsmøte

Ei arbeidsgruppe er no i gang med å arbeide fram eit forprosjekt som skal være grunnlag for å kunne ta ei politisk avgjerd på om det skal byggast symjebasseng i Hemsedal. I den forbindelse vert det eit ope

informasjonsmøte
torsdag 4. juni kl 19:30 i
Kultursalen på kommunehuset.

Helsing Bassenggruppa

Saknar du ei Lowe kameraveske?

Etter 17. mai i Trøimshallen er det atgløymt ei svart og lilla Lowe kameraveske.

Ta kontakt med Hemsedal kommune,
Tenestetorget, 31 40 88 00.



Fjellvåk i Hemsedal

I samband med arbeidet for bevaring av biologisk mangfold i kommunane, fekk alle kommunane i landet tildelt ein symbolart som dei skulle ha eit spesielt ansvar for. Hemsedal fekk ansvar for fjellvåken.

Å ha ansvar for ein slik nomade er inga enkel oppgave. Fjellvåken er smånagarspesialist. Han er trekkfugl og kjem i april /mai for å sjekke om det er smånagarar nok til å slå seg ned for sommaren. Dersom det er lite mat, dreg dei fleste vidare. Dersom det er mat nok, vil hannen finne seg eit territorium som han forsvarer mot andre. Reiret har dei som regel på ei fjellhulle.

Her i Hemsedal har det ikkje vore eit skikkeleg smånagarår sidan 1994. Det ser ut til at dei jamlege svingingane til smånagarane har kome i utur. Det har vore lite fjellvåk å sjå dei siste åra, og dette kan vera årsaken. Sidan manns minne er skrøpelege saker, bør vi kartleggje dette litt meir grundig. Dersom alle som vandrar i fjella melder frå om observasjon av fjellvåk gjennom fleire år, kan vi bidra til å bringe meir kunnskap til forskinga.

Fjellvåken er lett å få auga på. Den er ganske stor, kroppen er ca 50 cm med eit vengjespenn på mellom 120 og 140 cm. I lufta ser han ut som ei lita kongeørn.

Det som gjer det lett å skilje dei to rovfuglane frå kvarandre, er fargen under vengene. Fjellvåken er ganske lys under, men med markerte svarte vengjeknorkar. Vaksen kongeørn er jamt lys, men unge ørner er mørke med kvite felt. Ser du fjellvåken på oversida, er han kvit ved hale-rotta.(overgump).

Ein anna stor skilnad er måten dei oppfører seg på. Du kan høyre fjellvåken skrike "piiiæh" på lang avstand. Dei er ofte aggressive i nærleiken av reirplassen. Kjem du for nær, stuper dei ned mot deg. Slik oppfører aldri kongeørna seg. Dei er meir stillferdige ved reirplassen.

Martin Lindal
leiar Hemsedal viltneemd

Dersom du ser fjellvåk kan du melde dette til :

Martin Lindal, e-post: martin.lindal@hemsedal.kommune.no, tlf: 996 04 555

Jørn Magne Forland, e-post: jorn.forland@hemsedal.kommune.no, tlf: 970 21 974

Bent Fjeldheim, e-post: bent@skihemsedal.no
tlf: 906 09 816

Thorset skulehus



Thorset skulehus står på Torsetsida, på jordet til Tom Ole Thorset. Det er no bestemt at huset skal flyttast.

I Hovudutval for Livsløp, sak 3/09, vart det vedteke at

- Bygget vert gjeve bort til fyrst og fremst lokale interessentar, som i størst mogeleg grad ynskjer å ivareta bygget.
- Bygg inkludert grunnmur skal fjernast, samt utføre alt naudsynt arbeid inkludert tilsåing.
- Interessent må verta samd med grunneigar om tid for gjennomføring.

Frå skuleverksemda vart avslutta og fram til 1997-98, brukte kretsen bygget som grendahus.

Ein ynskjer at arbeidet med å flytte huset og fjerne grunnmuren kan verte gjennomført i løpet av hausten 2009.

Det er sett ned ei gruppe som skal vurdere innkomne framlegg til framtidig bruk/løysing av bygget. Innkomne framlegg skal vera levert Hemsedal kommune innan 15.8.2009.

Er du interessert i å overta skulehuset?

Ta kontakt med Hemsedal kommune eigeendom v/ Odd Magne Anderdal for avtale om synfaring. tlf.: 31 40 88 12 eller 970 58 812, eller e-post odd.magne.anderdal@hemsedal.kommune.no

* Teknisk etat *

Vinterskade på eng - økonomisk støtte

Foretak med betydelige vinterskader på eng kan få økonomisk støtte gjennom denne ordningen. Tilskuddet skal bidra til at foretaket kan få ei avling av gras eller grønnfôr som kan høstes det samme året, slik at avlingssvikten reduseres.

Vinterskader på eng defineres som skader forårsaket av:

- frost
- isdekke
- vanddekke
- uttørking
- oppfrysing
- biotiske forhold som overvintringssopp

Foretaket må gi melding om vinterskadet eng til kommunen i god tid før utbedringen påbegynnes, slik at kommunen kan kontrollere vinterskadene. Utbedringen må gjøres så tidlig at enga gir avling i skadeåret, og senest innen 15. juni. I strøk av landet der veksten kommer senere i gang, kan fylkesmannen gi dispensasjon fra denne fristen.

For at tilskudd skal kunne gis, må engarealet etter utbedring være pløyd, harvet, frest eller direkte sådd og være tilsådd med frø av eng- og/eller grønnfôrvekster. Når tiltaket er en del av normal fornying av enga om våren, gis det ikke tilskudd.

Søknad om tilskudd sendes til kommunen **innen 15. juli i skadeåret**, sammen med dokumentasjon på at enga faktisk er utbedret.

Foretaket skal selv dekke en egenandel på 20 prosent av kostnadene med utbedring av foretakets totale engareal.

Ordningen er hjemlet i Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon.



* Helse *



Legevakttelefonen

Vi har stadig problemer med legevakttelefonen nummer: **32 06 07**

88.

Hvis dere ikke får svar på dagtid så ringer dere vanlig telefonnr. til legekantoret **31 40 89 00**.

Om ettermiddag/kveld/natt ringer dere **113** hvis det haster, eller legevaktnr. på Gol **32 07 44 77**.

Vi beklager dette, men det er ikke noe vi kan



Svineinfluensa Hysteri eller realitet?

Begge deler!

Svineinfluensaen som sådan er en realitet, men det er et stort hysteri rundt den.

Vi kan imidlertid lære noe, som egentlig er en påminnelse om hvordan vi skal oppføre oss enten det er en banal forkjølelse, vanlig influensa, SARS, fugleinfluensa eller nå svineinfluensa.

- 1:** Ikke host i rett ut i luften eller i hendene, men i albuen! (Du hilser ikke på noen med albuen!)
- 2:** Vær nøye med håndhygiene. Vask deg ofte, gjerne med spritholdig væske, men såpe og vann er helt fint.
- 3:** Skulle du få symptomer med feber, hoste og føler deg dårlig, så ring og snakk med legekontoret før du kommer.
Det er ingen grunn til å smitte halve venteværelset uansett hva som feiler deg! Avtal tid eller få råd eller konsultasjon med legen.
- 4:** Det anbefales at så mange som mulig vaksinerer seg til høsten mot den vanlige influensa, da er man mer motstandsdyktig mot andre typer influensa også.

Husk:

Så langt er denne influensaen mye svakere og mindre farlig enn en vanlig sesoninfluensa.

Vi blir alle holdt orientert gjennom media hvis det skulle bli noe mer problematisk.

Harald Lystad
Smittevernlege

*** Kyrkja ***



Gudstenester

31.mai

Hemsedal kyrkje kl 10.00 og 12.00
Konfirmasjon.

14.juni

Hemsedal kyrkje kl.11.00
Familiegudsteneste. 6-åringane deltek.

28.juni

Hemsedal kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste.

*** Kva skjer ***

Friskliv i Hemsedal



Gratis frisklivstrening i Trøimshallen.
Vi minner om at frisklivstreninga
måndagar og torsdagar i Trøimshallen
avsluttes for sommaren den 1. juni.

Måndag: kl 15.10 – 16.15 Step og styrke

(NB: Merk tida)

Instruktør: Charlotte Andersson

**Torsdag: kl 15.15 – 16.15 Styrke og
bevegelighet**

Instruktør: Ole Petter Espe

NB! Siste måndagstrim 25. mai og siste
torsdagstrim 28. mai.

Frisklivstreninga startar opp att til hausten mån-
dag 14. september og torsdag 17. september.

Frisklivstrimmen er eit lågterskeltilbod til **alle**
innbyggjarane i Hemsedal.

Trimmen blir lagt opp slik at alle skal kunne delta
i sitt tempo.

Friskliv ynskjer alle ein god og aktiv sommar.!

Helsing

Friskliv Hemsedal

v/ Kristin Carlsen, tlf. 31 40 88 18 eller
970 58 818



NASJONALFORENINGEN

HEMSEDAL HELSELAG

Loppemarked

Hemsedal Helselag skal også i år arrangere
loppemarked.

Dette skjer ikkje før **laurdag 4 juli**, men me tek
til med innsamling av lopper allereie no.
Har du noko til overs tek me imot alt frå koppar
og kar til klær og møblar.

Dette kan leverast på Helselagshuset alle
kvardagar mellom kl. 9.00 og 14.00.

På forhånd takk.



Hemsedal Frivilligsentral held stengt veke 29, 30,
31 og 32, grunna avvikling av ferie.

Torsdagstreff

Siste torsdagstreff før sommerferien 25. juni.
Vi starter opp igjen 20. august.

Alle er velkomne!



Hemsedal Skyttarlag

Arrangerer skytingens dag søndag 7 juni.
Skytingen foregår på banen på Thorsetsida,
start kl 12.00.

Har du lyst til å prøve, er du hjertelig velkommen.

Vel møtt!



HEMSEDAL IDRETTSLAG
3560 Hemsedal

TINE – Hemsedal IL Fotballskole 2009

Årets fotballskole arrangeres på kunstgressbanen fra **mandag 22. juni til onsdag 24. juni**, alle dagene fra kl 09.30 - 15.00.

Fotballskolen passer best for 1.-7. klasse gutter og jenter.

Det blir trening på finter, taktiske valg, triks, head-de-trening, keepertrening, pasningsspill og mye fotballmoro.

Diverse uhyttdige konkurranser i triksing og finting, utdeling av diplomer og premiering.

Hvem kan slå Jansen sin trikserekord på **3313**?

Deltagerne må selv ha med matpakke og vann til trening, øvrig drikke ordner TINE.

Onsdag avslutter vi med grilling av hamburgerer og pølse som er inkludert i deltageravgiften.

Alle deltagerne får t-skjorte, ball og TINE effekter.

NB! Det trekkes ut en deltager som får drakt av ønsket norsk lag med autografer!

Pris: kr 650,- pr. person.

Søskenmoderasjon: kr 550,- pr. person.

Hovedtrener: Jan Erik Thorberg "Jansen", med Norges høyeste fotballtrenerutdanning.

Påmeldingsfrist : 15. juni 2009

Påmelding helst på mail: jthorberg@hotmail.com, eller mobil 900 53 225.

For registrering av påmeldingen betales deltageravgiften på bankkonto 2351.21.10037.

Gi Jansen beskjed ved påmelding om noen har matallergi eller av religiøse årsaker må ha alternative løsninger.

Ledere: Jansen trenger noen lokale ledere fra ungdomsskolen eller eldre til å være med og trene de yngre.

Ring Jansen. Godtgjørelse gis.

Ny snadderbu

Takket være en stor dugnadsinnsats nærmer den nye permanente Snadderbua seg ferdigstillelse.

Og den blir fin!

Vi gleder oss til igjen å kunne selge vafler i forbindelse med kamper.

Har noen pølskekoker og pølsegrill som står ubrukt, overtar vi den svært gjerne.

Er det spørsmål, ta kontakt med leder av fotballgruppa: Ragnhild Kvernberg, tlf. 909 66 953.

Overtreksdresser - Hemsedal Idrettslag

Idrettslaget har et større lager av overtreksdresser.

Det er praktiske dresser med bukse og jakke i marine-og mellomblå farge.

Buksene har glidelås opp mot leggen, og begge deler er foret med "mesh-før".

Dressene er godt egnet for fotballspillere og lette å ta på/av seg.

Det er et ønske at spillerne har på seg overtreksdresser når de drar på kamper slik at laget ser like ut.

Dressene selges nå for en svært gunstig pris:

Barn kr 100,- pr. dress (opp til 16 år) / voksen kr 150,- pr. dress.

Fotballgruppa har fått dressene for salg, og det blir satt opp plakater ved klubbhuset.

Vi kommer til å selge dresser i forbindelse med treningsdager og kampdager. Kontant betaling.

* Hemsedal Turistkontor *

Nyheter i sommer:

Huldra og Prins Hadding – teater på Bygdatunet 6.7.

Sykkelcamps – sommercamp 21.-23.7. og høstferiecamp 1.-2.10. for ungdom 10-16 år.

Sykkelfestivalen 7.-9.8.

Hemsedal Fjellfestival og Helsecamp 18.-20.9.

Fjellturismekonferansen 2009 – fra idé til salgbart produkt 20.-22.9. (se www.fjellturisme.no)

Spennende foredrag i Trøimshallen og praktiske tema workshops rundt omkring i Hemsedal.

Elvepadlekurs – nybegynnerkurs, inkl. lån av utstyr!

Sykkeltaxi i Hemsedal, kr 150,-/pers+sykkel, minst 4 pers/sykler.
(Norske Opplevelser og Knut Møller plass)

Les mer på www.hemsedal.com

Benkasam & Kunnig – Hemsedals interaktive vertskapskurs.

Oppdatert med sommerens nyheter fra 15.6.

Meld dere på til info@hemsedal.com

God sommer!

Hilsen Hemsedal Turistkontor
Tlf. 32 05 50 30





Golf og tennis 2009

Sommeren er like om hjørnet, og det er på tide å pusse støv av golf og tennisutstyr.

Knøtte og juniortrening: Torsdager.

Knøtter 18.00-19.00. Juniorer 19.00-21.00 Første trening 28/5/09.

Vi viderefører fjorårets suksess med busstransport fra Svøo til Grøndalen.

Avgang Elgvegen kl. 17.30 med stopp på Trøim v. Shell og Tuv v. Hemsedal Hotell. Bussen vil gå frem til skoleferiestart, og etter skoleferien.

Bussen returnerer etter knøttetrening. Juniorene må finne annen returtransport.

Ansvarlig: Morten Fjeldstad, tlf 900 69 261

Dametrening på onsdager fra kl 18.00-20.00. Starter 27.05.09.

Her kan alle være med uansett om du har prøvd golf eller ikke. Golfklubben har utstyr for utlån.

Ansvarlig Karin Follesø, tlf. 958 02 464



Klubbkveld med turneringer og annen moro torsdager kl 18.00-21.00.

Busstransporten kan også benyttes av seniorer, returtransporten tror vi ikke blir et problem. Ansvarlig Karl Ola Myrsell, tlf. 958 65 782.

Hvorfor sprade rundt på et jorde og slå på en liten hvit ball?

Golf er verdens største individuelle idrett. Hvert slag er en ny utfordring og to golfrunder er aldri like. Du får god og sunn mosjon over flere timer, og selv om Golf tar tid, er dette tid som generasjonene kan bruke sammen. På golfbanen kan gomme konkurrere mot barnebarna og alle vil ha en sunn og positiv opplevelse.

Spillet er basert på ærlighet, integritet og hensyn til andre mennesker, verdier som kan være nyttige for liten og for stor. Treningsopplegget for juniorene i Hemsedal er unikt; DET ER HELT GRATIS.

Vi nevner busstransport, undervisning med Richard, lån av utstyr og bruk av treningsfasilitetene.

Intensjonene for årets knøtte- og juniortrening er at den skal føre til grønt kort, uten for mye fokus på prøver og andre formaliteter. Seniorene er og hjertelig velkommen.

I løpet av sommeren arrangerer vi 4-5 kurs som gir alt du trenger for å komme i gang. Kursene er langt mindre kompliserte enn mange tror, og de engelske ordene som forekommer lærer man fort.

Mer informasjon om: kurs, turneringer, kafè, butikk, tennis, m.m. finner du på våre hjemmesider: www.golfhemsedal.no.

Vi kan nåes på: post@golfhemsedal.no, tlf. 3206 2377 eller 994 61 222.

Hjertelig velkommen til golfbanen i Grøndalen, både golfere og alle andre!

Golf Hemsedal



Hemsedal kommune
Kunngjering
Kommunestyret

Møtestad: Kommunstyresalen

Møtedato: torsdag 2. juni Tid: 19.00

Før møte: Folkets spørjetime

Etter møte: Open post

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær / tenestetorget på telefon 31 40 88 00.
Varamedlemmer møter kun etter nærmare avtale.

Dokumenter er lagt ut til ålment gjennomsyn i tenestetorget på kommunehuset, biblioteket og www.hemsedal.kommune.no

| Saknr. | Arkivsaksnr. | Tittel |
|---------------|---------------------|--|
| 23/09 | 09/000 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE |
| 24/09 | 09/000 | MELDINGAR |
| 25/09 | 09/580 | REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR I ÅBJØRAVASSDRAGET |
| 26/09 | 08/1459 | OPPMODING OM BUSETTING AV FLYKTNINGAR I 2009 |
| 27/09 | 08/222 | LOKAL FORSKRIFT OM UTSLEPP AV AVLØPSVATN – FRÅ BUSTAD OG FRITIDSBUSTAD I HEMSEDAL KOMMUNE |
| 28/09 | 09/659 | HEMSEDAL ELEKTRO KF – ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR 2008 |
| 29/09 | 09/776 | HEMSEDAL ENERGI KF – ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR 2008 |
| 30/09 | 09/437 | KONTROLLUTVALET – ÅRSMELDING 2008 |
| 31/09 | 09/740 | TERTIALRAPPORT 1. TERTIAL 2009 |
| 32/09 | 09/66 | REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE 2008 |
| 33/09 | 09/818 | SØKNAD OM PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV I HEMSEDAL KOMMUNE- ELLEN MØLLERPLASS MYTHE |
| 34/09 | 08/652 | KOMMUNAL FORSKRIFT FOR OPEN BRENNING OG BRENNING AV AVFALL I SMÅOVNER |
| 35/09 | 09/699 | SKJENKELØYVE 2008-2012 – SØKNAD -BERG OG HAV RESTAURANT |

Oddvar Grøthe
ordfører
(sign.)

